

02.08.2015

Ap og Ølve-modellen

Dei siste åtte åra har Ap hatt makta i Kvinnherad. På desse åra har ikkje kommunen kome eit steg vidare, det er vel heller stor semje om at det har gått andre vegen. Det er ufatteleg trist å tenkja på.

I desse to periodane har Ap vore pådrivar nummer ein for å leggja ned aldersheimar, for dei såg det som einaste måten å få kommuneøkonomien på fote att. Nedlegging av *Ølve alderspensjonat* var ei av vurderingane som vart gjort, tilliks med *Varaldsøy aldersheim*.

Berre sistnemnde vart realisert, trass i at det var dei billigaste plassane å driva, i heile kommunen. Det var eit mageplask så stort at det kunne høyrast over heile landet. Omsider måtte både Ap og koalisjonspartnarane krypa opp på tørt land, og bort til krossen, og gjera om vedtaket. Skadeverknadene for kommunen og Varaldsøy var likevel store, men framleis ivra Ap for at dette var økonomisk medisin som høvde for Kvinnherad.

Og i iveren etter å få brukt meir medisin, valde Ap også å vera pådrivar for å få lagt ned middagsproduksjonen ved heimane, fordi det vart mykje for dyrt når kommunen skulle driva denne. Etter mykje gruvling konkluderte dei med at det var ikkje anna råd, middagen måtte andre laga. Og mange rare konkurransesprell seinare, har situasjonen faktisk blitt slik at prisen på middagen ligg på eit mykje lågare nivå enn då kommunen dreiv dette sjølv. Konkurransen fungerer gjerne slik.

Når Ap, og for så vidt også SF, i dag tek sterkt til orde for å innføra kommunal middagsproduksjon att, lokalt på kvar heim, er ikkje det i og for seg nokon dårleg ide. Me i *Miljøpartiet Dei Grøne* har programfesta at alle i kommunen skal få tenestene utført så nær der dei bur som råd. Dessutan at bebuarane på aldersheimane skal få nykøkt og kortreist mat servert kvar dag.

Men Ap har eit forklaringsproblem, når dei i dag går inn for ei løysing som dei sjølve nærast trumfa bort, berre for få år sidan. Det minner om krypinga etter Varaldsøy-vedtaket. For kva er det som gjer kommunen så umåteleg kompetent til å driva sjølv i dag, når dei ikkje var det den gongen?

At Ølve-modellen er god, og at Ølve alderspensjonat aldri må bli nedlagt, skriv me gjerne under på. Og me ristar gjerne på hovudet, i kapp med Ap, over manglande kjøkenløysing på Rosendalstunet.

Men altså, liv og lære bør samsvara. Og når livet lærer oss noko anna enn det me trudde før, slik det tydelegvis har gjort for Ap, krev det at dei gir veljarane eit truverdig svar på kvifor dei var så svaksynte før, og kvifor dei brått har vorte så skarpsynte.

Hilde Enstad skriv dette i lokalpressa: «Vi i Ap har påstått at den beste og rimelegaste måten å produsere mat på er å lage maten sjølv, kvar dag. På Ølve Alderspensjonat beviser kokken at vår påstand er rett.»

Eg sette kaffien i halsen, samstundes som eg tangerte kvinnheradrekorden i høgdehopp, då eg las dette. For er ikkje det ho skriv her det stikk motsette av det både Ap og kommunalsjefen deira hardnakka har påstått dei siste åtte åra?

Arne Gjerde

Førstekandidat

Miljøpartiet Dei Grøne